

Møtereferat

FAU
Sund ungdomskule

Dato: **11.11.25**
Møteleder: **Bente Blomvågnes-Bakke**
Referent: **J. Håkonsund**



	Representant		Vara	
8A	Marianne Glesnes	X	Lisbeth Hjelle	
8B	Margrethe Fikse	X	Margriet Tøgard	
8C	Ingvild Bessesen Eide	X	Mariell Høyland	
8D	Roger Førde	X	Margun Wikum Olsen	
8E	Liv Toril Furuset Golf		Anette Hammersland	
9A	Jannicke Håkonsund	X	Kristin Skage	
9B	Charlotte Solsvik		Michael Grote	
9C	Luminita Simona Mihaila	X	Kari-Anne Glesnes	
9D	Hilde Bakke Howard	X	Joni Risa	
9E	Jeanette Forland	X	Cecilie Kalvik	
10A	Kjetil Klepsvik	X	Inge Vik	
10B	Jeanett Angeltveit		Marita Hamre	
10C	Ida Einebærholm	X	Sølve Golten	
10D	Bente Blomvågnes-Bakke	X	Miriam Haugstad Blomvågnes	
10E	Jørgen Kausland	X	Silje Bøthun	
Rekt.	Anne Hufthammer	X		
Rådg				

1. Godkjenning av innkalling, referat og saksliste – godkjent
2. Status arbeidsgrupper
 - a. Sponsorgruppa – ingen frå sponsorgruppa var på FAU-møtet, har ingen informasjon om det er noko nytt å melde
 - b. Trafikkgruppa – Roger har snakka med Robert Sæle og informert om at trafikkgruppa frå FAU, det blir kalla inn til eit møte i neste uke
 - c. Forsøk på å opprette kommunal FAU 27/10 – har ikkje høyrte noko frå dei som deltok på møtet. Bente legg ut informasjon i etterkant
 - d. Status vakter til juleball – Vi manglar framleis vakter frå 8A, 8B, 8D, 9A, 9B, 9D og 10B. 9D har utført loddtrekning, men treng å få bekrefta at vaktene kan delta. 10E har fått tak i 3 ekstra vakter.
 - e. Informasjon om buss på dagar som ikkje er standarddag (sak frå SU) – Rektor har sjekka opp i dette, og det er framleis ikkje mogleg å flytte på busstider. Det er eit problem at det går lite buss her.
3. Informasjon frå rektor

- a. Spørsmål frå førre møte: Mogleg å arrangere skidag over to dagar? Rektor har diskutert dette med skulesjefen, og det er ikkje noko ein vil tilrå. Ein ynskjer ikkje forskjellsbehandling, då hadde det vore betre om heile trinnet hadde fått tilbodet og ikkje berre ein enkelt klasse. Ein skidag er heller ikkje mogleg, fordi skulen har ikkje økonomi til å dekke eventuelt leige av ski o.l. Det er betre å ta slikt i privat regi.
- b. Skulebesøk – skulen har besøkt skulene Nyskolen og Ringstabekk i Oslo. På Nyskolen vart det sett på elevmedverknad og demokrati. Ringstabekk er ein baseskule med ulike typar klasserom, og med fokus på å jobba tverrfagleg. Dei hadde ikkje friminutt, men lunsj midt på dagen. Elevane startar og sluttar på ulike tidspunkt. Ringstabekk har ope bibliotek heile dagen. Elevane jobbar meir i grupper, og verkar meir sjølvstendig. Dei som var med på skulebesøka vart veldig inspirert av måten dei jobba på, og korleis ein kan utvikla seg som skule. Rektor fortel at dei prøver å jobbe meir tverrfagleg. Relasjon er viktig, og derfor følgjer lærarane klassar i staden for fag på tvers.
- c. Erasmus
 - i. To jenter frå 10.klasse har vore tre veker i Spania. Ein lærar var med i eit par dagar. Nå er dei spanske elevane på Sund ungdomsskule.
 - ii. Ein gjeng elevar har reist til Italia (Bari) og jobbar med Next Generation Education: Creating Innovative Educational Spaces. Dei jobbar mykje digitalt og virtuelt, og får nytta utstyr som vi ikkje er så vant med her.
 - iii. Etter jul reiser ein gjeng til Brussel.
- d. Halloween – nokon går «all in», mens andre er nøgde med ein hatt.
- e. Elevundersøkinga – har hatt elevundersøking, og resultata vil bli vist på FAU-møte etter jul
- f. Skuleballet – inngangspengar blir 75 kr. Tema blir Maskerade. Vil setja opp gjerde frå Stranda Ungdomslag. Kjetil høyrer med ungdomslaget kva type gjerde det er. Han og nokre andre hentar gjerde, set dei opp og fjernar dei. Gjerda må kunne flyttast rask med tanke på

branntryggleik. Ingen får koma inn utan at vi veit kven dei er og at dei tilhøyrer skulen. Dei må kryssast av på lister. Tømme sekkane/veskene/jakkene sine, dette bør også elevane bli informert om at er nødvendig for å kunne sleppa inn. Må ha vakter frå alle klassane begge periodane. Det vart diskutert mykje om situasjonar som kan oppstå på skuleballet, for eksempel kan personar utanfrå dukke opp med kniv. Politiet er blitt informert om skuleballet, og dei bør kontaktast viss ein truande situasjon oppstår. Beredskapssjefen kjem til å delta på skuleballet viss han får det til.

4. Eventuelt

- a. FAU-leiar tar opp at det er vanskeleg å nå ut til andre foreldre, for eksempel i samband med sosialkveld. Opplever veldig lite foreldreengasjement. Det vart nemnt at viss ein involverer elevane, så kan det bli lettare å få til noko. For eksempel er det mogleg å få lærarane til å høyre med elevane kva aktivitetar dei ynskjer å ha på ein sosialkveld. Ein kan også invitera lærarane med på sosialkveld.
- b. Elev melder om at pianoet ved inngangspartiet bør stemmast.